

LNK AVISA

info@lnk.no

NR 1 • 2008 • ÅRGANG 7

www.lnk.no

Barnevernet samarbeider

Vest-Telemark IKS meiner interkommunalt samarbeid gir eit betre tilbod til borna.

• Sjå s.8

Trendy nynorsk

Nynorsk er blitt trendy blant fleire butikkar i Bergen.

• Sjå s.3

Nynorsk i Kommunal Rapport

Påtroppande redaktør i Kommunal Rapport, Britt Sofie Hestvik ser gjerne meir nynorsk i vekeavisa, men kan ikkje love noko.

• Sjå s. 15

Ord og tonar



(Foto: Magne Sandnes)

Det er ikkje spørsmål om kva mál ein skal syngje på når ein heiter Herborg Kråkevik

• Sjå s. 12-13

Skeptisk til konsern



18 kommunar på Sunnmøre vil gjerne organisere det kommunale samarbeidet som eit konsern. Magnhild Meltveit Kleppa er skeptisk.

• Sjå s. 7



(Foto: Heidi Molstad Andresen)

Dusjar i dialekt

I Ål kommune tek kyrkja dialektane på alvor. I små lytedusjar kan ungene nemleg høyre bibelforteljingar på kav halling.

– Me som prestar får tilbakemelding på at ungene op-

plever bibelforteljingane som nærare når dei blir fortalt på dialekt, seier Tonje Røgeberg, undervisningsprest i Hallingdal Prosti.

• Sjå s. 19

**"Dette er din veg.
Berre du skal gå han**

Sitat frå diktet Din veg av Olav H. Hauge

Kommunalbanken - ein fulltreffar for kommunen din
-me finansierer lokale løysingar

KBN Kommunalbanken
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør
Einar Schibevaag

Går det mot filialstyre?

Sentrale styresmakter med kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) i spissen viser i desse dagar handlekraft overfor åtte Terra-kommunar. Med rette meiner mange. Slike vågestykke kan me ikkje gje norske kommunar rom til å ta del i.

Men kva ville skjedd viss desse kommunane hadde opplevd ein eventyrleg gevinst ved sine plasseringar. I beste fall ville det kome i lokalavisa, eller plasseringsansvarleg hadde fått skrøyt av dei folkevalde for å gje dei større rom for å auka det kommunale tenestetilbodet.

Skal me ha eit kommunalt sjølvstyre, må og dei lokale folkevalde stå ansvarlege for alle sine handlingar. Det er ikkje få investeringar kommunar har gjennomført som har vore like hovudlause som plasseringane me er blitt kjent med i Terra utan at Kleppa og tidlegare kollegar har fått uroa nattesvevnen og teke i frå dei retten til å investera.

Situasjonen er vel slik at både fylkesmannen og departementet og burde ta seg ein kikk i spegelen når dei gav fleire av desse kommunane klarsignal, t.d. når Vik kommune ville få maksimal avkastning på sine midlar.

Vil me ha ein situasjon der sentrale styresmakter stramar til når ein kommune vil risikera noko for å få til utvikling og ein ikkje lukkast? Noreg er eit av dei mest sentralstyrte landa i verda og denne utviklinga er med å svekke det lokale folkestyret. Me kan ikkje oppleve at kvar gong ein kommune vil noko og det går gale, skal reima stramast ytterlegare til for kva kommunestyret skal ha lov til å gjera utan løyve frå Kleppa.

Terra-kommunane har det vanskeleg no, men på lengre sikt vil det vera mykje verre at kommunenoreg blir meir vengeklippa i sine oppgaver og fullmakter enn tilfelle alt er. Vegen er kort til å gjera kommunane til filialar under fylkesmannen eller kommunaldepartementet.

Me har gode døme i andre sentralstyrte lokale servicekontor som likning- og trygdekontor.

Takk for meg

Etter fem år som redaktør er det slutt. Fem år etter LNK-avisa kom på gata første gong i mars 2003.

Toyni Tobekk tek frå og med neste nummer over redaktøransvaret i avisa. Ho har vore journalist i LNK-avisa i fleire år. Ein periode i kommunestyresalen gir og den nye redaktøren eit godt grunnlag for å føre LNK-avisa sine tradisjonar vidare.

Einar Schibevaag

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:
Astrid Eidh, Hjelmeland
Heidi Molstad Andresen
Ingrid Hillestad
Judith Sørhus Littlehamar
Toyni Tobekk

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnæs

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidh, Hjelmeland

Trykk:
Sunnhordland


Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og
kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan
8/4, 27/5, 2/9, 14/10, 2/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonsar blir å levera
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no



Identitet og golfbane

Kva er typisk for ein nynorsk-kommune? Truleg at han er liten, og stadig blir mindre. At dei som sit i kommunestyret stadig vekker klør seg i hovudet og lurar på korleis dei kan få ungdomen til å busette seg der. Og kanskje at dei ikkje heilt kjem på korleis dei skal få det til.

Etter å ha arbeidd eit par år i målrørsla, har eg vore innoom ein del nynorsk-kommunar. Ein ting som ofte slår meg, er kor mange av kommunane som har satsa på å byggje golfbaner. Eg er ingen ekspert, men eg vil tru at golfbanene, badelanda og kjøpesentra er meint for å lokke ungdomen tilbake til kommunen. At dei skal tenkje "oi, så stas å få køyre vassklie her i heimbygda!", sleppe kaffi latte-glaset og reise tilbake dit dei kom frå.

Funkar det? Sidan målungdomen har avgrensa med ressursar, har eg ikkje gjort noka stor forskning på korleis golf-, bade- og kjøpe-indeksen påverkar folketalet. Men teorien min er at dersom du verkeleg føler at shopping er livet, vil Bogstadveien alltid vere meir tiltrekkande enn Bøgata.

Men om ikkje Hennes og Mauritz kan hjelpe til med å få bygdeborna heim, kva er medisinen då? Som den målmannen eg er, har eg sjølvsagt klippefast tru på at nynorsken og dialektane er løysinga på det meste her i verda. Og i dette tilfellet har eg kanskje litt rett òg. For i valet mellom seks hol i heimbygda og atten hol i storbyen vil nynorsk-kommunen ha dårlege vilkår. Men det å formidle identitet, dialekt og lokal kultur gjer heimkommunen betre enn nokon annan i heile verda. Det å knyte ungdomen til bygda si gjennom å kunne vere stolt og glad for å kome nett derfrå, ser ut til å vere ein faktor for å lukkast. Fleire kommunar har forstått dette. Mange nynorsk-kommunar ser på det språkvalet innbyggjarane har gjort som noko positivt, og gjer så godt dei kan for å forvalte arvesylvet.

Eit døme kan vere Aurland kommune. Her bur det litt under 1800 innbyggjarar, i tillegg til ein haug med UNESCO-verna stein, fjord og snø. Folketalet er på veg ned, jamvel om kommunen husar nokre av dei mest vitja

turistattraksjonane i landet. Aurland er ikkje mellom dei fattigaste kommunane, takk vere høge fjell som gjev fossekraft. Men i staden for preglause kjøpesenter, har kommunen vald å satse på tiltak som skal knyte folket til bygdene i kommunen. Kvar nyfødde unge får ei nynorsk songbok, med personleg helsing frå ordføraren. Om hausten er det Nynorske Litteraturdagar, med program som skulle femne om alle tenkjelege målgrupper. Og om sumaren står kommunen som vert for littkrit.no-prosjektet, ein sumarjobb der dei tilsette er lokale ungdomar som fordjupar seg i moderne, nynorsk litteratur. Og no vil kommunen utvikle prosjektet vidare

Aurland kommune har vore kreative, og kome opp med gode idear. Dei ser at skal ungdomen busette seg i kommunen, må det vere noko som gjer at Aurland skil seg positivt ut, og som syner fram Aurland som ein plass der det er rom for å tenkje nytt. Vi i Norsk Målungdom får vere med på dette prosjektet frametter. Eg gler meg til å arbeide saman med ein kommune som ikkje er redd for å vere stolt av språket sitt, og som brukar nynorsken som ein motor i arbeidet for å gjere Aurland til ein attraktiv kommune.

I Aurland har dei ikkje golfbane. Og eg veit ikkje om dei saknar det heller.

KRONIKKFORFATTAREN

Jens Kihl


Leiar i Norsk Målungdom



Nynorsk med urban vri



Svelene går unna for Rudi Valdernes på Kafe Knøderen. (Foto: Ingrid Hillestad)



Maskinskrivne lappar, på nynorsk sjølusagt, ligg ved alle varene i Mint-butikken.

Ein bund ventar på ny eigar. Mint skal vere ein butikk for alle. (Foto: Ingrid Hillestad)



Høgst urbane og populære plassar midt i Bergen sentrum satsar på nynorsk. Er det ein trend?

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

Høgt under taket og store vindauge ut mot Strandkaien. Ein draumeverden med allslags små og store ting slår mot oss i det me kjem inn i butikken som heiter Mint. Bak disken møter to smilande kvinnelege innehavarar ein ung mannleg kunde. Han er nysgjerrig på ein radio i retrodesign som tronar øvst på eit langt, smalt skap fylt med smykke laga av gamle skrivemaskinknappar.

- Dette skal vere ein butikk som gjev ei annleis oppleving, fortel damene bak disken, Birgit Kalvatn og Margit Haatveit. Saman starta dei butikken for eit og eit halvt år sidan.

MANGE KOMMENTARAR

Bøker, bruksting, kort, japansk papir og designobjekt er plasserte harmonisk saman. Alle varene er pryda med små maskinskrivne prislappar med eit lite vers, ei bokmelding eller andre karakteristikkar. Og all tekst er skriven på nynorsk.

- Me får kommentarar på det, seier Haatveit.

Det nynorske språket er noko som blir lagt merke til og engasjerer dei som er innoen den sjelfulle nisjebutikken. Og så godt som alle er positive.

- Eg har berre fått ein negativ kommentar, held Haatveit fram, og fortel at det var frå ei dame som uttrykte uro over at ho syntest nynorsken fekk for stor plass i samfunnet. Men språket ser like-



Margit Haatveit (t.v) og Birgit Kalvatn sel, mellom mykje anna, nynorske bøker i butikken Mint. (Foto: Ingrid Hillestad)

vel ikkje ut til å ha skremd henne vekk, for kvinna er blitt ein av stamkundane.

KJEM FRÅ DISTRIKTA

I ein annan urban oase på ein ganske annan kant av byen blir også folk gledeleg overraska over at skilt og menyar er skrivne på språket som folk flest assosierer med distrikta. Kafe Knøderen på Nedre Nygård er omtrent like ung som Mint, men også denne plassen har allereie blitt ein populær samlingsstad. I tråd med damene på Mint, fortel Rudi Valdernes, den eine av to kafeeigarar, at mange kundar kommenterer nettopp det at nynorsken dukkar opp i ny urban innpakking. Det var den andre eigaren

av kafeen, Marit Kleppe, som meinte dei burde bruke nynorsk.

- Sidan ho kjem frå Sunnmøre, seier bergensaren Valdernes, som reflekterer over at truleg så mykje som halve folkemengda i Bergen by er innflyttarar frå distrikta.

NATURLEG VAL

Knøderen held dørene opne både dag og kveld, og også på Mint hender det at dei opnar opp på kveldstid. Då inviterer Haatveit og Kalvatn gjerne til kurs i origami, som er namnet på japansk papirbrettetradisjon, og bokbinding. Før jul hadde dei ein kombinert vaffel-, kort- og litteraturkveld. Bøker frå Samlaget og eit

forlag som heiter Skald er populære salsartiklar frå den mangfaldige butikken. At dei satsar på nynorske forlag, har ikkje berre med språket å gjere. Det er vel så mykje fordi dei likar litteraturutvalet frå desse forlaga, samt at her har dei fått til gode avtalar, framhevar kvinnene. Dei to innehavarane vel nynorsk ganske enkelt fordi det er naturleg for dei, forklarar dei. Det er ikkje meir mystisk enn som så. Kalvatn kjem nemleg opphavleg frå Volda, medan Haatveit vaks opp i Kviteseid i Telemark. Språket heng såleis saman med identitetane deira.

- Men det hadde nok blitt ein annleis butikk om me bytta til bokmål, meiner dei.

- Og så passar det jo godt med nynorsk på strilekaien, kommenterer Kalvatn og ser utover Vågen der strilane før i tida kom roande til byn, og der hurtigbåtane no stadig kjem med nye reisande frå distrikta langs Vestlandskysten.

NOKO FOR ALLE

Både på Mint og Knøderen er eigarane opptatte av å framheve at språkvalet ikkje er del av eit medvite forsøk på å skape ein ny trend.

- Målet er å lage ein butikk for alle, påpeiker Haatveit.

Og det er nettopp det paret som eig Kafe Knøderen også ønskjer, sjølv om det ser ut til at det er studentane som set størst pris på staden. Men også yngre, eldre og mange heimebuande på Nedre Nygård finn seg til rette blant grafittkunststen på veggane, retromøblane, DJ-musikken, heimelaga rugbrød, kaffe latte, honning frå Sogn og nysteikte sveler.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

•
P.B 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

•
www.lnk.no

•
info@lnk.no

•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

•
Styret:

Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

•
Varamedlemer:

Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

•
LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•
LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Vil ikkje ha eldre kvinner

Listekandidatar under 30 og kvinner over 60 har minst sjans til å bli valde ved kommunevalet, syner tal frå SSB. 9 prosent av alle listekandidatane til kommunevalet i 2007 var kvinner over 60 år, men berre 4 prosent av dei innvalde hører til denne

gruppa. 7,1 prosent av alle kommunistyremedlemene finst i aldersgruppa 18-29 år. Best ut kjem menn i aldersgruppa 40-59 år. Dei utgjør 37 prosent av alle som er valde inn i kommunestyret, sjølv om dei berre utgjør 18 prosent av alle valbare.

Høviske ord

LNK har og tenkt å markera Mangfaldåret 2008: Meir enn 80 000 utlendingar har i dag arbeidsløyve i Noreg, og talet stig for kvart år. I fjor kom fleire enn 50 000 av dei løyva som vart gitt frå EU-land. Dei fleste kjem frå Polen, men arbeidsinnvandrarar frå Tyskland og Litauen er og godt representerte på lista. Me har bruk for arbeidskraft her i landet, og for tida er det få norske arbeidsledige å rekruttera frå. Og sjølv om regjeringa arbeider for å få eldre til å arbeida lengre og fleire uføretrygda over i arbeidslivet, blir me truleg meir og meir avhengige av arbeidsinnvandrarar.

Til no har dei fleste av desse gjestearbeidarane vore tilsette i det private næringslivet, men prognosar syner at norske kommunar også vil få stadig større vanskar med å skaffa arbeidskraft i åra som kjem.

Dette er ein ny situasjon for kommunane, og nye problemstillingar oppstår: Det å skapa vilje til å bu blir ei hovudutfordring for dei som slit med å skaffa arbeidskraft for å kunna halda oppe det kommunale tenestetilbodet. I framtida må kommunane truleg i langt større grad enn i dag vera med og leggja til rette for høvelege treffplassar og inkluderande kulturaktivitetar.

I nokre kommunar må ein kanskje spørja seg sjølv om kommuneorganisasjonen har den kulturelle toleransen som skal til for å integrera og såleis halda på utanlandsk arbeidskraft. Det er lange tradisjonar for å akseptera gjestearbeidarar som kjem hit for å hjelpa oss i jordbæråkeren og i hotellbaren i høgsesongen – dette er personar som me veit reiser heim att etter ei stund. Men stadig fleire arbeidsinnvandrarar blir verande her, og dei får rett til å henta familien hit. Er me då like villige til å akseptera dei?

Og kva med språkopplæring oppe i dette? Norskunnskapar vil i mange høve vera heilt avgjerande for å kvalitetssikra arbeidet som blir gjort – ikkje minst i dei kommunale omsorgsyrka.

Det er slike spørsmål me tek opp på Nordsjøkonferansen 2008. Konferansen er som vanleg eit samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Kommunalbanken, og vert halden om bord på "Queen of Scandinavia" på tur mellom Stavanger og Newcastle til hausten. Me har sikra oss sentrale og engasjerte innleiarar som Magnhild Meltveit Kleppa, Stein Ringen, Jan Davidsen, Jørgen Amdam, Marta Norheim, Knut Vareide,

Linda Eide, Sylfest Lomheim, Jan Olav Fretland og Kjell Pettersen.

Eg trur dette blir ein god og viktig konferanse. Set gjerne av 26. til 28. september alt no.....



Vidar
Høviskeland
er dagleg
leiar i LNK

Ny veg kan gi handelslekkasje

Ein ny veg er ikkje udelt positivt, slår analyseselskapet Experian AS fast.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Experian AS er ein leiande leverandør av konsument- og samfunnsanalysar og arbeider med analysar innan forbrukaråferd og samfunns- og marknadsøkonomisk utvikling. På ein samferdslekonferanse arrangert av Ryfylkevegen AS nyleg presenterte administrerande direktør i Experian AS, Geir Olav Iversen ein analyse av kva konsekvensar det planlagde Ryfastprosjektet kan gi handelen i Strand og Stavanger kommune. Tunnelprosjektet Ryfast skal gjere Ryfylke landfast og har no fått ein prislapp på om lag 4,5 milliardar.

Iversen meiner Strand kommune vil tape mot storebror Stavanger når Ryfast vert realisert.

- Endringane i Strand vil bli vesentlege og vil kunne føre til ei nedlegging av



Ein ny veg kan føre til at folk reiser ut for å handle, meiner analysefirmaet Experian AS. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

handelsverksemd i området. Ikkje minst kan også endringar i handelsstrukturen få innverknad på busetjingsutviklinga, opplyste han under konferansen på Sola der samferdsle i Ryfylke vart diskutert.

I dag har butikkane i Strand eit sal på om lag 46.000 kroner per innbyggjar.

I følgje analysen til Experian AS vil over 3000 personar velje å reise andre stadar for å handle dersom Ryfast vert røyndom. Dersom Ryfast var ferdig i dag, ville butikkane fått ei reduisering av omsetjinga med 63 millionar kroner i år, vurderer analysefirmaet. For Stavanger derimot vil dette truleg føre til at over 8.500 fleire personar vil velje å reise til Stavanger sentrum for å handle, noko som betyr om lag 114 millionar kroner, eller 11,4 prosent i auka omsetjing for Stavanger. Strand kommune er ein av få Ryfylke-kommunar som opplever vekst i folketalet. I oktober 2007 var folketalet i Strand 10.823 personar.

ABC
Startsida

Vi gjer nettet
nyttigare!

www.startsida.no

KOMMUNE
KREDITT

NORGE

M e s t r e k k j e r o s s



l i t t l e n g r e !

Kommunekreditt er kommunane sitt eige kompetansesenter.

Treng du rådgjeving og gode lån har Kommunekreditt med sine samarbeidspartnarar kompetansen du treng for å løysa dei kommunaleutfordringane du står overfor.

I desse dagar drøftar kommunal sektor sal av eigedomar og om deler av verksemda skal gjerast om til kommunale føretak eller aksjeselskap. Vidare blir det arbeidd med finansstrategiar, finansplassering og låneopptak.

Me er i dag inne og gir råd og rettleiing til ei rekkje små og mellomstore kommunar og fylkeskommunar med kompetanse som utviklar organisasjonen og tenesteytinga.

Kommunekreditt har rådgjevarar som har lang erfaring og som kjenner den kommunale kvardagen godt.

Ta kontakt med oss og me lovar å strekkja oss - litt lengre.

Beddingen 8, 7410 Trondheim (Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Interkommunale selskap

Frå samanslåing til samarbeid

Tre Valdresordførarar som sa ja til ei kommunesamanslåing det ikkje blei noko av, meiner ballen no er lagt daud, medan nei-ordføraren kan kome til å snu i standpunktet sitt.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det var ordførarane i Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Øystre- og Vestre Slidre som tok initiativet til ei samanslåing av dei fire Valdreskommunane i 2006.


Av dagens Valdresordførarar var tre den gongen positive og ein negativ til samanslåinga. Sistemann hadde 70 prosent av dei som røysta på si side.

- Innbyggjarane har gitt så ettertryk-keleg beskjed om at dei ikkje ønskjer samanslåing, at dette ikkje er eit tema eg vil ta opp att, seier ja-ordførar Gro Lundby (Ap) i Øystre Slidre.

IKKJE TEMA

Ho får følgje av ordføraren i Vestre Slidre, Eivind Brenna (Bygdelista), som og var ein av pådrivarane for ei samansmelting av dei fire kommunane.

- Vi har spurt og fått eit klart nei, så no slepp vi å tenkje meir på det. Ordførar Helge Halvorsen (Ap) i Nord-Aurdal, den einaste av kommunane som sa ja



Fire av dei seks Valdreskommunane prøvde å slå seg saman til ein storkommune, men folket sa nei i 2006. (Ill: Gerbard Stoltz)

til samanslåing, meiner og temaet er politisk daudt.

I staden må kommunane styrke samarbeidet over kommunegrensene, og det meiner ordførarane kommunane har kome langt med.

- Vi samarbeidde godt før saka om samanslåing kom opp, og etter

avstemminga har vi tatt samarbeidet fleire steg vidare, seier Halvorsen

LITT SOM EU

Halvorsen nemner Valdres Natur og Kulturpark, Valdres distriktsmedisinske senter, felles brannsjef for somme av kommunane som døme på nye område for kommunesamarbeid.

Han ser ikkje bort frå at det aukande interkommunale samarbeidet kan føre kommunane så nærre ei samanslåing som dei kan kome, utan å gjere det formelt. Det kan samanliknast med norsk EU-medlemskap, seier

han: Vi er eigentleg medlemmer, men vil ikkje vedgå at vi er det.

Personleg er han framleis for kommunesamanslåing.

KAN SNU

Sitjande ordførar i Sør-Aurdal Kåre Helland (Sp) var imot kommunesamanslåing i 2006. Han meiner Valdres-regionen kom styrka ut av diskusjonen om kommunesamanslåinga og at kommunane har fått på plass endå fleire interkommunale aktivitetar i etterkant.

Men nettopp på grunn av det utstrekte kommunesamarbeidet trur han tanken om samanslåing kan kome på bordet att i nær framtid. Helland er heller ikkje framand for at han kan kome til å snu i standpunktet sitt.

- Den gongen var eg imot fordi eg meinte prosessen mot ei samanslåing ikkje hadde noko rotfeste i folket, og fordi berre fire av dei seks valdreskommunane var involverte, seier ordførar Kåre Helland.

Valdres		
Valdres består av kommunane Nord- og Sør-Aurdal, Øystre- og Vestre Slidre, Etnedal og Vang.		
Folkerøysting om samanslåing av fire Valdres-kommunar:		
	Ja	Nei
Nord-Aurdal	61,2%	38,3%
Ordførar Halvorsen	X	
Sør-Aurdal	23,5%	76%
Ordførar Helland		X
Øystre Slidre	13,8%	86%
Ordførar Lundby	X	
Vestre Slidre	16,7%	83%
Ordførar Brenna	X	

Vann og tapte

Valdreskommunane gjekk glipp av administrative stordriftsfordeler då dei valde å ikkje slå seg saman til ein kommune, seier Åge Sandsengen i Valdres Kommunerevisjon.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Den openberre gevinsten for kommunane ville vore høvet til å ha samdrift av dei store og tunge

sektorane som skule, teknisk drift og sosial- og helsevesen.

På plussida syner han til at skatteinntektene er større samla sett for kommunane kvar for seg enn om dei var ein storkommune.

Sjølve prosessen før folkerøystinga var dessutan med på å tenne folk og vekte det politiske engasjementet, seier Sandsengen. Også han peiker på at valdreskommunane hadde godt etablerte samarbeidsformer før folkerøystinga og at dette samarbeidet meir eller mindre har halde fram i same trenden.

OLE BRUM, OLA TVEITEN ELLER BARBIE? KOR HENTAR BARNA OPPLEVINGAR FRÅ?

Pirion er ei kulturavis for tilsette i barnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.



PIRION-ABBONNEMENT

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion
Me doblar tilbodet men ikkje prisen. For kr 225,- får du tilsendt Pirion i posten åtte gonger i året. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn: _____

Barnehage: _____

Adresse: _____ Postnummer: _____ Poststad: _____

Telefon: _____ E-post: _____

Send ein epost til pirion@norsk-plan.no eller send kupongen til Pirion, Norsk Plan as, Næringsbedet i Vatlandsvåg, 4235 Hebnes. Tlf. 52 79 04 84. Faks 52 79 04 81.

kr 225,-



PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller pirion@norsk-plan.no

Interkommunale selskap

Konsern Sunnmøre?

På Sunnmøre ynskjer 18 kommunar å organisere det kommunale samarbeidet som eit konsern. Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa er skeptisk til modellen.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

For tre år sidan vart konserntanken på Sunnmøre fødd. Målet var å overføre organiseringa i næringslivet til kommunestrukturen for å finne ut korleis den kunne tilpassast kommunesektoren. - Me fekk midlar frå kommunaldepartementet for å utvikle dette og lage ein modell som kunne vise om det var mogleg, seier rådmann i Haram kommune, Jan Petter Eide. Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa er derimot skeptisk til modellen.

OPP TIL KOMMUNANE

- Dette er ei sak som har ei viss forhistorie i departementet. Medan tidlegare kommunalminister Erna Solberg stilte midlar til disposisjon til konsernprosjektet, gav forgjengaren min, Ås- laug Haga melding om at det verken kunne påreknast meir midlar eller anna medverking frå hennar side. Sjølv har eg stor tru på interkommunalt samarbeid, men då etter andre modellar enn denne, seier ho. Likevel meiner ho kommunane sjølv må bestemme kva form dei organiserer samarbeidet i. - Det får vere opp til kommunane sjølve å vurdere ulemper og fordeler med ei slik organisering. Om dei skulle finne ut at dette er løysinga for denne regionen, er utgangspunktet mitt lokal fridom til det. Eg er ikkje kjend med at andre kommunar arbeider med utvikling av modellar etter konserntankegang. Konsernmodellen er bygd opp slik at kommunane vert som divisjonar under ein regionkommune. Meininga med modellen er at denne paraplykommunen kan ta på seg overordna oppgaver som næringsutvikling, kompetanseutvikling og infrastruktur.

UTVIDA SAMARBEID

- Tanken var at kommunane kunne halde på med basistene og den tradisjonelle verksemda medan "kon-



Haram kommune er ein av kommunane som ynskjer å danne Konsern Sunnmøre. (Foto: Sigbjørn Høidalen)

sernleiinga" kunne ta dei større fellesoppgåvene og fungere som eit strategisk hovud. Målet var å arbeide saman for å fornye Sunnmøre, utan at ein tok lokaliseringdebatten. Dette vil bli meir som eit forsterka interkommunalt samarbeid, seier prosjektkoordinator, Turid Hanken, som legg vekt på at ein ikkje veit kva resultat rapporten vil gi. Meininga er at leiinga i "konsernet" skal vere politisk styrt og ha ein liten administrasjon til rådvelde. Ålesund er eit naturleg sentrum i dette samarbeidet meiner rådmann Jan Petter Eide. Konsernregionen vil i så fall få eit innbyggartal på 140.000 menneske.

DEMOKRATISK UTFORDRING

- Me må vere tydelege på at me skal bygge saman, seier Eide og viser til at ein her også kanskje kan klare å bygge ein del bruer mellom tradisjonelle motsetnader i lokalsamfunna, til dømes når ein får utanlandsk arbeidskraft inn for å dekke det veksende kompetansebehovet i regionen. Trass i at det har vore stor politisk vilje til å greie ut desse ulike alternativa for eit utvida samarbeid, har det også vore kritiske stemmer tilstades. - Kritikanerane kjenner seg usikre på om for mykje makt kan bli flytta over til for

få personar. Mange meiner dette blir ei demokratisk utfordring, seier Hanken. Det største stridstemaet har likevel vore namnet. Ordet konsern smakar for mange privat og for mykje næringsliv. Mange har vanskeleg for å sjå kva det namnet har å gjere i kommunesektoren, trur Turid Hanken. - Styringsgruppa i prosjektet har likevel halde fast på namnet for å vere tydeleg på at modellen skil seg frå andre interkommunale modellar. Me må jo spørje oss: korleis kan me få ut det beste i konserntankegangen?

OPTIMISTISK NÆRINGS LIV

Næringslivet på Sunnmøre har gitt den politiske prosessen massiv støtte.

- Den næringsaktive delen av Sunnmøre er veldig for dette. Dei har grepe

dette som ein moglegheitsarena for å betre til dømes kompetanseutviklinga og infrastrukturen. Det er også viktig å sjå næringsutviklinga i eit globalt perspektiv, seier Eide.

Også Hanken har registrert optimismen i næringslivet.

- Å kunne arbeide saman med felles utfordringar er næringslivet veldig opp- tekne av, meiner ho.

Sluttrapporten frå utgreiinga om dei ulike alternativa for utvida samarbeid vil bli lagt fram for politisk handsaming i februar. Initiativet til denne utgreiinga kom frå regionen sine to regionråd; Ålesundregionens Utviklingselskap (ÅRU) og Søre Sunnmøre Regionråd.

Konsern Sunnmøre

18 kommunar på Sunnmøre vurderer nå å utvide det eksisterande kommunale samarbeidet etter konsernmodellen. Modellen går ut på at kommunane vert divisjonar under ein regionkommune. Denne paraplykommunen skal etter planen ta på seg overordna oppgaver som næringsutvikling og infrastruktur. Prosjektet har gått over tre år og Kommunaldepartementet har tidlegare gått inn med midlar til å utvikle konseptet. Dagens kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa er derimot skeptisk til modellen, men gir kommunane fridom til å bestemme organisering sjølv. I februar vert det lagt fram ein sluttrapport som vil vise kva organiseringsform ein

meiner er best for regionen.

Desse kommunane er aktuelle:

Herøy	Stordal
Ulstein	Ørskog
Sande	Skodje
Vanylven	Haram
Hareid	Ålesund
Volda	Giske
Ørsta	Sula
Stranda	Sandøy
Nordal	Vestnes

Interkommunale selskap

Barnevernet:

Vil samarbeide



Borna i Vest-Telemark har fått eit betre tilbod med barneverntenesta organisert som eit interkommunalt selskap, meiner Telemarksforskning. (Illustrasjonsbilete: Toyni Tobekk).

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS har erfart at eit interkommunalt samarbeid har gitt borna eit betre tilbod.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Vest-Telemark har lang erfaring med interkommunalt samarbeid. Barnevernsamarbeidet vart etablert allereie i 1993, som eit interkommunalt organ som utførte undersøkingar for den ein-skilde kommune. Ein av grunnane til at ein såg behovet for eit utvida samarbeid var at dette organet så tydeleg klarte å halde fristane når det gjaldt undersøkingane. Oppfølginga i kommunen var derimot sårbar, seier leiar for barnevernsamarbeidet, Synnøve Bratland.

Det er kommunane Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje som har starta dette samarbeidet og danna eit interkommunalt selskap innan barnevern. Hovudkontoret er i Kviteseid. Prosjektet starta i 2004 og er no ferdig evaluert av Telemarksforskning. Resultatet er positivt. I rapporten frå Telemarksforskning vert det vist til at målet med arbeidet ikkje har vore å spare pengar, men å få ei betre og meir stabil teneste

gjennom eit utbreidd samarbeid. Rapporten konkluderer med at kostnadane samla sett har gått ned samstundes som målet om ei styrka teneste er nådd.

STØRRE FAGLEG MILJØ

- Me har fått attendemeldingar frå våre samarbeidspartar at no er barnvernstenesta å rekne med. I dag vert dei ein-skilde tiltaka faktisk fylgde opp. Mange meiner også det er lettare å ta kontakt når det er større avstand. No kan me ha ei reell anonym drøfting utan at me veit kven det er snakk om, meiner Bratland.

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS har i dag 11,5 stilling fordelt på 12 personar. Synnøve Bratland legg vekt på kva positive konsekvensar eit større fagleg miljø gir.

- Det er vanskelege avgjersler me tek, og me ser inn i det private hjå folk. Eit større miljø gir oss fleire innfallsvinklar og fleire å spele på. Dei tilsette har også sine spesialfelt, som barn, ungdom eller å vere rådgjevar for foreldra. Det gir oss eit større register å spele på.

Talet på saker som hamnar hjå barnevernsamarbeidet er forholdsvis stabilt, i 2006 vart det handsama 135 saker totalt.

YNSKJER Å HALDE FRAM

- Me ser at psykiatri aukar som problematik. Dei fleste som melder inn saker er anten foreldra sjølve eller politiet. Me har ei utfordring i å få meldingar frå barnehage og skule, seier Bratland som viser til at dei no i første omgang vil invitere rektorane i Vest-Telemark inn til eit møte.

Prosjektet er på landsbasis det einaste tiltaket som er organisert som eit sjølvstendig interkommunalt selskap. Dei er no i dialog med Kommunaldepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet for å behalde denne forma for organisering. Alternativet er å danne ein vertskommune som driv barnevernsarbeidet for dei fem andre. No håpar Synnøve Bratland at ein vil finne ei løysing slik at organiseringa med eit sjølvstendig interkommunalt samarbeid kan halde fram.

- Det er ei bekymring når ein vil forkaste ein modell som fungerer veldig bra, meiner ho.

Barnevernet

Frå 1987 til 2005 auka talet på barn med barnevernstiltak frå 12 147 til 29 871 barn.

I 2005 var 8 178 av barna som hadde behov for tiltak mellom 14 og 17 år gamle.

Vel 40 400 barn og unge mottok tiltak frå barnevernet i løpet av 2006. Det er om lag 1.200 fleire enn året før. Størst auke i gruppa 13 – 17 år.

Det var registrert 3.039 stillingar i barnevernet ved utgangen av 2006. Det er 106 fleire enn året før.

(Kjelde: SSB)

ABC Startside

Over 600.000 unike brukarar kvar einaste dag!

Noregs einaste nynorske startside

www.startsida.no

120 partilag misser statsstøtta for 2008

120 politiske partilag kan sjå langt etter statsstøtta for 2008. Årsaka er manglande framlegging av gaver, inntekter og finansiering.

Partilaga som har fått beskjed av Partilovnemnda om at dei misser statsstøtta, finst både på fylke- og lokalnivå. I alt blir 767.715 kroner halde tilbake fordi partilaga ikkje har rapportert inn inntektene sine.

– Når dei ikkje gjev opp korleis partilaget er finansiert, er det brot på framleggingsplikta, seier seniorrådgjevar Jens-Oscar Nergård i Fornyings- og administrasjonsdepartementet til Aftenposten.

Støtta er basert på stemmetal, og varierer frå hundrelappen for partilaga med minst støtte, til over 300.000 kroner til dei største. SV toppar lista med 37 lokallag som misser støtta i 2008. Venstre er representert med 27, Senterpartiet 13 og Demokratane 12. Eitt av lokallaga i Frp slurva med rapporteringa i 2007. (NPK)

Språkråd



Jan Olav Fretland - første-amanuensis i norsk - medlem av Norsk språkråd

For mykje eller for lite duger ikkje

Eg sat og ergra meg over ein radiodebatt her ein dag. To karar diskuterte kva veg nynorsken bør gå i tida framover. Den eine tala eit svært fråseggjort normert nynorsk. Han meinte me måtte luka bort all leffinga med bokmål og gå attende til den gamle, tradisjonelle nynorsken. Motparten var lektor på vidaregåande i Førde og såg dystert på framtida for nynorsken. Mange av dei tradisjonelle nynorskordane ser rare ut for Førde-ungdommane, meinte han, og dei ville heller bruka ord som var meir kjende frå bokmålet. (Han tenkte vel på ord som åtvaring for advarsel, omsyn for hensyn osv.) Lektoren såg likevel at dersom ein slepper inn alt ungdommane seier i normalen, blir det fort ikkje att eit eige skriftspråk. Men han var no likehendt, sa han, for han kunne no berre nynorsken gå dukken.

Så kan ein spørja seg: Er det berre to alternativ: Leggja seg langflat for bokmålspåverknaden, eller slåst for den gamle nynorsken og avvisa mykje av ordtilfanget me brukar i Noreg i dag? Nei, eg meiner det må vera god plass til eit fornuftig målsyn mellom ytterpunktene. Ein skal vera klår over at nynorsken i dag har utvida seg mykje når det gjeld orda som folk flest brukar: Me skil mellom anbod og tilbod, leilegheit og hybel, forskrift og føresegn, fjes og andlet og ansikt og åsyn. Og me kan både begynna og ta til. Når ein les nynorsk i lokalblada, LNK-avisa, Dag og Tid osv., ser ein at det i dag er i bruk ein nokså fast nynorsk. Og det ser ut til at folk lever bra med den. Sjå berre kor nynorsken får stadig større plass i aviser som Nationen, Vårt Land, Bergens Tidende og Sunnmørsposten, og korleis hotella på Vestlandet meir og meir finn at dei skal selja seg på nynorsk.

Det eg trur er nødvendig, ikkje minst for dei som skal læra nynorsk som sidemål, er at me strammar inn normalen og gjer han meir konsekvent og lettare å læra. Det kan ein gjera med å ta bort ein del former som i dag er lite i bruk og styrkja biletet av ein fast og stødig nynorsk.

Skriftspråket vårt treng stabilitet og støtte, ikkje verken mismot eller gammalmannsfakter.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag

24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning



...kommune er
...situasjon at for å l
...nye ting, m
...na. Dette sk
...kommen
...apsrapporter
...Han pekar på at
...ske analyse
...ner at presse
...te teneste
...resteringsniv
...n fører til at
...amt, og prior
...Sveio kom
...ert mykje. De
...uskeleg å leg
...ester eller
...anfor dei ram
...er tildelt utan
...era vekk andre
...rapporten g
...n rapporte
...grunn til uro
...forhalda fram
...rt sett i gang
...rten og følg
...erlegare til
...Mellom det
...p til, er ein total
...alle teneste
...på å få fram
...nsial. I dette
...ta retta s
...ingar som
...neskapsutv
...h vil og kart
...på eininga
...ka omstil
...å sjå til at
...rding av led
...ysing av des
...erne delegas
...al gjennomg
...edell for til
...sar til skul
...beider med
...ministrativ
...på å frigi
...da fram.
...Det går vi
...apira at det
...ed sjølvstyr
...nsippet er at
...g resultatet
...nnen er kon
...g, men den
...n totalt sett
...krev enno
...at
...iplin.
...Tala for først
...erforbruk på
...llionar kroner.
...barnehage
...ak på 3,1
...ma opp i 3,7
...rt gjort kor
...område heise
...her overforbruk
...og vil kunna
...som det
...dringar. På
...atteinnkoma
...ka, ste halv
...reskoyta «H
...i Fjoldrøyh
...04, men er
...no ikkje
...ss kommun
...llom anna
...000 kroner
...Saka har v
...mmunen et
...vart vurdert
...ner. Eigaren
...vedtaket.
...nde difor sak
...nnen i vint
...e månader
...ne fekk til
...ne saka er
...n klageinst
...n sjølv kan
...n dette med



**“Dette er din veg.
Berre du skal gå han”**

Sitat frå diktet Din veg av Olav H. Hauge

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

Kommunalbanken finansier lokale løysingar
- den leiande finansieringsinstitusjonen i kommunemarknaden

KBN Kommunalbanken
Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

Vegkamp til UNESCO

Bygda Jordalen ønskjer seg ein ny veg, men saka er av ein slik natur at den hamnar i systemet til UNESCO.

Private utbyggjarar har tilbode seg å byggje ein ny veg til Jordalen. I byte ber dei om å få etablere eit kraftverk

i Jordalselva. Dette har fylkesmannen sagt nei til, men bygdefolket har anka avslaget.

Sidan Jordalen er ein del av verdsarvområdet Nær fjorden, går anken til UNESCO for handsaming.

Vegen til Jordalen er i dag tidvis svært bratt og går i rasutsette tunnelar. Innbyggjarane opplever vegen som

livsfarleg og trur landbruket i bygda kan kome til å bli lagt ned viss dei ikkje får ein ny veg.

Må ty til bokmålsbøker

- Kvar ung nynorsklesar må kunne finne dei bøkene ho eller han vil lese, og dette må forlag, forfattarar og heile nynorskmiljøet arbeide saman om, seier Ragnfrid Trohaug, forlagsredaktør i Samlaget.

ASTRID EIDH. HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Trohaug, som er forlagsredaktør for barn og unge, meiner også at ein må streve etter eit mål om at det skal finnast så mange ulike utgjevingar på nynorsk som mogleg. At spekteret i sjanger, tone, stil og form skal vere variert.

MANGLAR LITTERATUR

På skular og bibliotek i nynorsk kommunar er kvardagen ein heilt annan. Lærarar og bibliotekarar kjenner dagleg på problemstillinga ved å ikkje kunne tilby elevane nok lesestoff på deira eige mål.

TYR TIL BOKMÅL

Barnebibliotekar ved Husnes Folkebibliotek, Ingvild Sandvik, er godt kjend med problematikken. Ho må dagleg tilby skuleklassar heilt ned i andre trinn bokmåls litteratur for å få lesetrening.

- Me tilbyr elevane det me har, seier ho. Og litteraturen som er tilgjengeleg er stort sett på bokmål.

- Det fins gode bøker på nynorsk, men ikkje mange nok, held ho fram. Det at det er så lite bøker på nynorsk for barn, er ein svær hemsko for nynorsk kommunar, seier Sandvik. I ein så viktig fase som i lesetreningsfasen treng ein å få lesa på sitt eige språk

PORTEFØLJE

Forlagsredaktør for barn og ungdom i Samlaget, Ragnfrid Trohaug kjenner til problemstillinga og understrekar at Samlaget i desse dagar arbeidar aktivt med revitalisering av



lettlesatsing for å skapa ein portefølje av lettlestbøker som er varierte og trefter ulike lesarar.

- Det er i sum for få utgjevingar av lettlestbøker på nynorsk, seier ho og understrekar at Samlaget aleine ikkje har kapasitet til å stå for alle lettlestutgjevingane.

Samlaget gjev i følgje Trohaug ut 20-25 titlar for barn og unge årleg, og av desse er fire lettlest. Ho oppmodar andre forlag og forfattarar til å koma på banen.



Forlagsredaktør i Samlaget Ragnfrid Trohaug oppmodar forlag og fortattarar til å gje ut barnebøker på nynorsk. (Foto: Siri Vaggen Olsen)

SYNLEGGJERING

Når det gjeld lettlestbøker gjev Samlaget ut lettlestserien Kommet. I følgje Trohaug er det openbert for få titlar på nynorske sakprosatextar. Ho legg også vekt på at det er viktig at nynorskbøker som i dag er ute blir gjort synlege og syner til

nynorskbok.no som gode kjelder til kunnskap om nynorsk barne- og ungdomslitteratur.

Målblome for nynorskbruk

Journalisten Eva Røyraane i Hus og Hjem-redaksjonen i Bergens Tidende (BT) har fått målblome frå Mediemållaget for å bruke nynorsk på arkitektur- og designområdet.

- Nynorsk blir ikkje brukt så mykje i magasin for arkitektur, design og interiør. BT-magasinet Hus og Hjem er eit sjeldan unntak, sa leiaren i mediemållaget, Berit Rekve, under utdelinga.

- På mange stoffområde er nynorsken mest fráverande. Difor er det viktig for oss i Mediemållaget å gjera dei gode føredøma synlege, seier Rekve. (NPK)

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

PORTRETET

Nynorskaktivisten

Herborg Kråkevik nekta i si tid å føye seg for VG og skrive bokmål. Ho trur VG angra seg etterpå.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

(Foto: Magne Sandnes)



Vi har avtalt å treffast på det ho seier er Bergens minste kafé. Inne på Det lille kaffebrenneri er det så vidt plass til ei handfull menneske, og ein kunne tenkje seg at ein kjendis ville vekkje unødig mykje merksemd på ein slik liten plass. Men nei då, gjestene her er av det veloppdragne slaget. Då ho stig inn i lokalet, lita, smal og med ein diger pelshatt, så tagnar ikkje samtalen fullstendig, men blikk møter blikk og mimande lepper seier: - Er det ikkje...?

Jo, Herborg Kråkevik er i byen. Ho har kome for å øve inn repertoaret til den kommande cd-en og gjere nokre andre småjobbar. Ho ser nøyaktig slik ut som ho gjorde då Noreg blei kjend me henne på midten av nittitalet, og ho vekker merksemd, sjølv om ho ikkje er mellom dei mest profilerte kjendisane lenger. Det siste er ho forresten berre glad for.

- **Eg blei så lei av meg sjølv**, lei av min eigen navle, seier ho om åra på nittitalet då avisene skreiv om Herborg og alt ho hadde å gjere med Kenneth Sivertsen, oppbrot, giftemål, skilsmisse og andre meir eller mindre private affærar.

Ikkje at ho ville vore suksessen forutan. I tida med "Herborgs verden" i for ti år sidan selde ho tusenvis av cd-ar og reiste landet rundt haldt store konsertar. Men det blei nok utlevering, nok openheit.

Dei siste åra har ho levd eit meir tilbaketrekt tilvære i København og Skagen, og ho trivest i Danmark, sitt nye heimland der ho først og fremst er *den norske sangerinde*.

Byrja å snakke dansk har ho òg. Ho måtte berre ta eit val til slutt, for danskane forstod ikkje norsk særleg godt. - Så snakka eg riksmål ei stund, og det forstod dei betre. Men det blei feil i lengda, det er jo ikkje meg.

Dermed blei det dansk i Danmark og harding i Noreg. For dialekten er ho oppteken av å ta vare på, og ho har foreldre som seier klart frå skulle ho byrje å knote, forklarar ho med skarpe og krispe skarpe r-ar. - Men svigermor seier eg er flink til å snakke dansk.

Språk tenkjer ho faktisk mykje på, og spesielt no når ho driv og gjer seg ferdig med sin femte cd, den første med berre eigenskrivne songar. Tekstane har levd i hovudet hennar i to-tre år, prøvd å finne ein veg ut og ned på papiret, men når det skulle skje ved sida av alt anna arbeid, så blei det ikkje vidare effektivt. Derfor bestemte ho seg for å setje av heile 2007 til berre å skrive songtekstar. Det bar frukter nok til at ho no har våga tinge tid i platestudio i april, og cd-en kjem til hausten. Herborg Kråkevik gler og gruar seg til det.

- Denne gongen er det skumlare enn ved tidlegare utgivingar sidan alt er heimelaga. Men eg gler meg til å bli ferdig og kome meg vidare.

I løpet av denne tida der det å jobbe med tekstar er så essensielt, har ho hatt stor glede av å ta opp att samarbeidet med Johannes Gjerdåker som mellom anna omsette tekstane til Edith Piaf. - Han er så god, han brukar ord ein sjølv ikkje ville kome på å seie. God nynorske ord som kling betre enn andre. Høyr berre: Me skal ha i saman | evig liv | i det blå | der endeløysa skriv (frå Edith Piaf)

- Eg ønskjer òg å strekkje meg etter gode, gamle nynorskord som flyt godt. Bylivet mitt forflatar dessverre språket.

Tekstane til den nye plata handlar mellom anna om nettopp det, om skamma med å ha byrja trivast i byen. Og om saknet etter den ville naturen. København og Jondal. Riksmål og dialekt.

- Du har eitt barn, ei dotter. Korleis får ho del i den norske kulturen?

- Ho snakkar jo pære dansk. Men no når ho byrjar å bli så stor at vi kan lese litt lengre tekstar for ho, så ser eg så fram til å ta fram att nokre av mine bøker frå då eg vaks opp.

Ho snakkar seg varm om då ho nyleg var heime i Jondal hjå mor og far og fann alle kassane med bøker og barndomsminne som no skal fram i lyset att.

- Fem år på Nuttula av Åsta Holt. Ei fantastisk bok som eg gler meg til å lese for dotter mi. Og så les alltid far min Tuss og Troll for ho når vi er på besøk.

Herborg Kråkevik er både hulder og klovn.

Spennet i det ho har jobba med har vore svært, og det byrja med tøys, satire og song i kabaret med Kenneth Sivertsen. Det vår då publikum og presse oppdaga denne unge jenta frå Jondal, denne vesle bygda knapt nokon hadde høyrte om. Kråkevik var så vidt i byrjinga av tjuetåra og landa store roller som Veslemøy i Haugtussa og Eliza Doolittle i My Fair Lady. Sidan har ho vore Hamsuns Victoria, Shakespeares Julie, Edith Piaf og Fanny Brice i Funny Girl. Og fått strålende kritikkar for det.

34 år gammal ser ho at alvoret har tatt meir og meir over i arbeidet hennar. Då var det godt å gjere noko heilt annleis, slik ho gjorde med komikarkollega



Sjølvmelding

Namn: Herborg Kråkevik

Alder: 34

Gjer: Songar, skodespelar og skribent

Har: Mann og barn

Les: For tida om Kambodsja og elles Herman Hesse og Ingrid Viggen

(Foto: Magne Sandnes)

Christine Hope i fjor. Reinspikka toskaskap, kalla ho den jobben.

- Eg har fått meir og meir respekt for det å få folk til å le, forklarar ho. - Når du seier noko som er meint å vere morosamt, og publikum ikkje er med på det, når morsomheita berre det i golvet...det er heilt forferdeleg. Men når ein får det til...!

- Kva ler du av sjølv?

Ho tenkjer ørlite, så kjem ho med det: - Uti vår hage, det såg eg på tv nyleg. Det var morosamt. For ei utvikling desse karane, Eia, Tufte Johansen og Antonsen, har hatt.

Tv er elles ikkje noko ho brukar mykje tid på. Og i alle fall ikkje nyheitsprogram. Det blir for mange idiotiske vinklingar. Kloke folk som aldri får snakka ferdig, gå til botnen med saka. Ho saknar dei lange, tunge prosessane, at folk får høve til å fortelje heile bodskapen, seie meir. Ho har sjølv vore med på debattar i media, for å forsvare nynorsken, og er lite imponert over kunnskapsnivået til både meddebattantar og journalistar.

Dei som kjempar mot nynorsken har mange gonger så store hol i historiekunnskapen eller ei så forvrengt språkhistorie at det er ei skam.

- Nynorsknotstandarar kan lyge og seie ting som er heilt feil, og dei slepp unna med det fordi journalistane ikkje har kunnskap nok til å avsløre dei. Derfor er det så enormt viktig å lære historie på skulen. Nokon må pode inn i elevane kva dette eigentleg handlar om.

Er Herborg Kråkevik ein aktivist? Ho ler, men så kjem det alvorlege blikket på plass att. Seier det er viktig å engasjere seg, å tvinge seg sjølv til å gidde å vere der for noko større enn seg sjølv. Ho snakkar om Hattebergvassdraget i Rosendal, ei kraftutbyggingssak både ho og andre kulturfolk engasjerte seg sterkt mot på byrjinga av 2000-talet. Naturvernforbundet prøver å få stoppa vidare utbygginga i vassdraget. Utbyggjarane står på sitt og har regjeringa på si side.

- Denne saka er vel den enkeltsaka som har tatt mest tid for meg, seier Herborg Kråkevik.

- Ho er jo nesten like gammal som meg, og.

Engasjement tar tid, men det må det gjere, i ein tidsalder der alt skal vere billig, lett og effektivt. Ei reise til Kambodsja saman med Redd Barna for 7 år sidan vekte eit anna engasjement, for eit lidande folk og ei svært blodig historie. Det var forresten den turen som fekk VG til å takke nei til ei nynorskskrivande Kråkevik. Alt var klart, avtalen med VG var at ho skulle levere nokre tekstar frå reisa, då avisredaksjonen brått kom i hau at denne dama pleidde uttrykke seg på nynorsk.

- **Så spurde dei om eg kunne skrive bokmål** denne gongen, men eg sa at det var heilt uaktuelt.

Etter litt intern akkedering måtte VG berre seie nei takk. Dei kunne dessverre ikkje la Kråkevik rapportere frå Kambodsja på nynorsk.

- Kva gjorde de då?

- Vi gjekk til Aftenposten i staden. Dei ville gjerne ha oss! I ettertid trur eg VG har angra seg.

Det skjer i det heile mykje på avisfronten i Noreg, meiner Kråkevik. Morgenbladet er eit godt døme på ei positiv utviling. Avisa var smal og liten før, no er ho smal og stor. Ho syner at det er behov for og plass til fordjuping.

No skal Herborg Kråkevik forresten byrje skrive for avis på riktig. Nynorskavisa Dag og Tid har gitt ho høve til å breie seg over den (for Dag og Tid-lesarar i alle fall) etter kvart så legendariske Innsida der Ragnar Hovland og Tiril Rem har breia seg før ho.

- Alle nynorsk kommunane burde halde Dag og Tid

Kommunal Rapport:

Vil ha nynorsk

- Det er heilt naturleg at det skal vere både nynorsk og bokmål i kommunenorge si eiga avis, seier påtroppande ansvarleg redaktør i Kommunal Rapport, Britt Sofie Hestvik (41). Ho kan derimot ikkje love høgare nynorskprosent.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Vekeavisa Kommunal Rapport har i dag ein språkpolitikk der det vert opna for nynorsk, dersom skribenten eller journalisten sjølv ynskjer å bruke det. Redaktør Ragnhild Sved meiner det er ynskjeleg med meir nynorsk i redaksjonen, men ser at det i dag er langt mellom dei nynorske bidraga.

INGEN NYNORSKJOURNALISTAR

- Det er ganske sjeldan me har hatt journalistar som har skrive nynorsk. Eg kan ikkje huske at me har hatt det på dei 12 - 13 åra eg har jobba her, seier ho og legg samstundes vekt på at avisa har skribentar som leverer stoff på nynorsk.

- Me har snakka om dette og vil gjerne ha stoff på nynorsk, dersom skribenten beherskar det. Men me har erfaring med at det ikkje alltid vert like bra resultat



Påtroppande redaktør i Kommunal Rapport Britt Sofie Hestvik ynskjer meir nynorsk i avisa, men kan ikkje lova noko. (Foto: Ole Morten Melgård)

dersom ein overset stoff frå bokmål til nynorsk, eller ein bokmåls - journalist skal byrje å skrive nynorsk.

Også påtroppande ansvarleg redaktør Britt Sofie Hestvik viser til at Kommunal Rapport har fleire kronikørar som skriv nynorsk.

- På kommentarplass vil eg sørge for at me og i tida som kjem skal ha skribentar som meddelar seg naturleg og

godt på nynorsk. Og eg vil bruke begge målformene sjølv, seier Hestvik.

Ein pålegg ingen i avisa å skrive bokmål, men språknorma er knytt til bokmål og NTB sin språkdrakt, meiner ho.

- Hovuddelen av stoffet vårt kjem nok i denne språkdrakta framover, sjølv om eg vil leggje godt til rette for nynorsken, til dømes ved rekruttering av nye medarbeidarar. Ei viktig årsak til at bokmålet vil

dominere, er at dei tilsette journalistane er bokmål-brukarar.

Redaksjonen i Kommunal Rapport har 11 tilsette.

NYNORSK ERFARING

Sjølv har Hestvik erfaring med både bokmål og nynorsk, og meiner det er naturleg at kommentarstoff frå henne somme tider også vil kome på nynorsk.

- Det er naturleg for meg å bruke begge målformene. Ikkje minst gjorde eg det i Nationen. Eg meiner det høyrer heime i disktrikts-norge si riksavis.

Den tidlegare NTB - journalisten Hestvik har også erfaring frå nynorskavisa Vest - Telemark blad.

- Mi haldning er at dette handlar om identitet. Eg vil bidra til nærleik mellom lesar og stoffet ved blant anna språkbruken. Eg er positiv til at det skal vere både nynorsk og bokmål i Kommunal Rapport, og vil understreke at eg set pris på eit språkleg mangfald. Det vil vere lina mi, både internt og eksternt, seier ho.

Britt Sofie Hestvik tek over jobben som ansvarleg redaktør og administrerende direktør i Kommunal Rapport 1. mars i år. Ho kjem frå stillinga som magasin- og kulturredaktør i Nationen. Kommunal Rapport rettar seg mot politikarar, administrasjon og andre tilsette i kommunesektoren. Avisa vart starta i 1987 og er eigd av Kommunenes Sentralforbund.



BERGEN/HAUGESUND/STAVANGER - NEWCASTLE JULEBORD OG SHOPPING - ALT I SAMME BÅT!

Hvorfor ikke avslutte året med en uformell sammenkomst hos oss?

Et skip er ett helt spesielt sted, som gjør det lett å lære dine kolleger, kunder eller samarbeidspartnere bedre å kjenne. Med et seilende julebord til Newcastle får du en annerledes og spennende avslutning på året som garantert vil gjøre inntrykk på deltakerne og ikke minst; huskes i lang tid!

Ta kontakt med oss i dag så hjelper vi deg med planleggingen og gjennomføringen av et vellykket arrangement. Hos oss er alle samlet fra begynnelse til slutt. Alt i samme båt!

For bestilling kontakt vår gruppeavdeling på tlf.: 21 62 11 60 eller e-post: gruppeavdelingen@dfdsseaways.no



EKTE JULESTEMNING



SEILENDE JULEBORD



UFORMELL TONE

JULEBORDSCRUISE FRA

2524,- PR. PERS.

INKLUDERT JULEBUFFET

*) Prisen gjelder ved minimum 8 personer mandag - onsdag i perioden 02.11. - 23.12.07. Torsdag - søndag fra kr. 2854,- pr. pers. Miljøavgift, oppgradering av lugar, ekstra måltider og evt transfer i Newcastle tilkommer.

ALT DETTE ER INKLUDERT!

- 2 overnattinger i innvendig dobbel Seaways Class lugar
- 3 timers konferanse, inkl. teknisk utstyr, kaffe, te & isvann
- 2 frokostbuffer
- 1 lunsjbuffet
- 3-retters festmiddag med vin ad libitum og kaffe avec
- Julebuffet med ett glass øl/vin/mineralvann

(Kontakt oss for pris hvis det er ønskelig å bytte ut julebuffet med 3-retters julemeny i vår à la carte restaurant)

WWW.DFDS.NO/KONFERANSE



Mangfald 2008

Teater på timeplanen

To Oslo-skular med stor del fleirkulturelle elevar skal samarbeide med Det Norske Teatret. Rektor ved Veitvet skole håper det gjer at ungene får eit meir positivt syn på nynorsken.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Holmlia skole, der 60 prosent av elevane har minoritetsbakgrunn, har hatt ei nynorsksatsing over fleire år som dette teatersamarbeidet passar inn i. For Veitvet sin del vil det i første rekkje handle meir om teaterproduksjon og teaterformidling enn om språk, i alle fall i oppstarten. - Språkets plass er ikkje heilt tydeleg enno, men vi har det i bakhovudet, fortel rektor Knut Erik Brandvang.

Han karakteriserer samarbeidet som ein vinn-vinn-situasjon, der teateret vil vere ein kulturell dørøpnar, men der og nynorsken kan finne ein naturleg plass.

IKKJE EIT HONNØRORD

- Nynorskdebatten rullar og går i Oslo. Det er ikkje alle som synest nynorsk er eit honnørord, for å seie det slik, uttrykker rektoren som håper at elevane og foreldra får eit endra syn på nynorsken etter kvart.

Veitvet skole har 70 prosent framandspråklege elevar, og mange av desse elevane har særskilt tilpassa norskopp-læring med høve til fritak frå vurdering i sidemålet. Dette skapar ein nynorsklekasje som skulen kanskje kan få snudd.

- I mi idealistiske verd håpar eg at trenden blir at dei som ikkje må ha nynorsk kanskje likevel vil ha nynorsk, seier Brandvang.

GJESTESPEL

Teatret ønskjer at skulesamarbeidet kan gjere at terskelen for å bruke teatret blir lågare og ikkje minst at somme vil sjå teatret som ein muleg arbeidsplass



Det Norske Teatret ønskjer å tenkje nytt og kreativt om nynorskfaget og har fått Homlia og Veitvet med på laget. Framsyninga av Peter Pan er eit av dei første møta elevane får med teatret. (Foto: Det Norske Teatret)

i framtida, fortel Agnes Kroepelien ved Det Norske Teatret. Elevane ved dei to skulane skal få oppleve sceneproduksjonar både som publikum, men og bak teppet. Veitvet skole skal i tillegg få setje opp eit gjestespel på hovudscena i juni, i samband med skulens 50-årsjubileum.

Etter kvart vil teatret og trekkje det språklege inn i arbeidet. For eit teater som har nynorsken så forankra i identiteten sin, vil det vere heilt sjølvsagt, seier Kroepelien.

- Erfaringane frå Holmlia syner dessutan at innvandrarar har lettare for å

lære nynorsk. Dei verkar til å ha mindre motstand mot nynorsken.

Teatersamarbeidet er knytt til det pågåande Mangfaldsåret.

Mangfaldsåret

Mangfaldsåret skal synleggjera og styrkja det mangfaldet som finst. Mangfaldsåret skal også stimulera til auka kunnskap og vørndnad for kulturelt mangfald i institusjonar, media, politikken og i folket som heilskap.

<http://www.regjeringen.no/>

WWW.MAGASINETT.NO

einaste intelligente nettstaden for ungdom
– på nynorsk!

Manglar kvinner

Kommunalt og fylkeskommunalt eigde selskap har ein kvinneandel i styra på 29.5 prosent. Det vil i praksis seie at kvart fjerde styre er utan kvinner, melder Kommunal Rapport. KS meiner det er grunn til å vere fornøgd

med dette, sett i lys av at kommunane tradisjonelt har mannsdominerte bransjar. Dei fleste kommunale og fylkeskommunale selskap har heller ikkje krav til kjønnsrepresentasjon.

For almennaksjeselskap (ASA) er har talet på kvinner

i styre kome opp i 38 prosent etter at det vart innført krav om 40 prosent kvinnedeltaking.



Halvor Holmli (t.b.) frå Steinkjer er direktør for Distriktssenteret. Her saman med ordførar i Steinkjer, Bjørn Arild Gram og kommunal- og regionalminister Magnbild Meltveit Kleppa. (Foto: Bjarne Arnøy)

Eige senter for distrikt

I løpet av 2008 skal Kompetansesenter for distriktutvikling vere opna på tre ulike stader i landet, med hovudbase i Steinkjer. Førstebels er det berre ein tilsett, og han reknar med å få ein fartsfylt vår.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Nytilsett leiar Halvor Holmli tar til som 1. april, men seier han har tjuv-starta litt, i alle fall mentalt.

ELDSJELER

- Mange har byrja ta kontakt med meg allereie. Somme har spørsmål om praktiske ting, som korleis oppgåvefordelinga blir mellom dei tre kontora. Andre er lokale eldsjeler med ein masse spennande småsamfunnsprosjekt som dei ønskjer å fortelje om.

Holmli er ikkje i tvil om at mange av desse prosjekta fortener merksemd, men i første omgang må han tenkje kontor og bemanning for å kunne vere klar til innsats i løpet av året. Og det må skje fort nok, men ikkje for fort, understrekar han.

- Kva skal de egentleg stelle med på Distriktssenteret?

- Vi har ei tredelt oppgåve. For det første skal det vere ein ressurs for dei som jobbar med utviklingsprosjekt i distrikta, sjølv om senteret ikkje har midlar til fordeling. Vidare skal vi initiere forskning, og vi skal drive dokumentasjon overfor sentrale styresmakter.

GLESBYGDA

No i oppstartprosessen er Holmli oppteken av at senteret skal bli så synleg som muleg gjennom media, Internett og ikkje minst nærvær. Det å drive teamutvikling og nettverksbygging er og viktig for leiaren. Med bakgrunn frå fylkeskommunen og no Ressurscenter for omstilling i kommunane, meiner han å ha eit solid

nettverk og eit godt grunnlag for jobben han skal gjere.

Han kjenner dessutan utfordringane og mulegheitene til distriktsnoreg godt, og synest svenskane har eit fint ord for kva eit distrikt er. Glesbygda er den svenske nemninga på den delen av landet som har spreidd busetnad. Glesbygdsverket i Sverige er såleis det organet som kjem nærmast å vere det det norske Distriktssenteret er.

- Har Distriktssenteret ei haldning til språk?

- For oss som skal ha kontor i ulike delar av landet, er det sjølvstakt at vi skal bruke både nynorsk og bokmål. Dette har vi allereie diskutert.

Distriktssenteret

Kompetansesenter for distriktutvikling er under etablering og vil opne i løpet av 2008 og skal ha 15-24 tilsette.

Senteret får kontor i Alstahaug (Nordland), Sogndal (Sogn og Fjordane) og hovudkontor i Steinkjer (Nord-Trøndelag) og er underlagt Kommunal- og regionaldepartementet.

Halvor Holmli (49) frå Levanger er tilsett som leiar av senteret frå 1. april 2008.

ABC
Startsida

Vel www.startsida.no som di nye startside. Meir info her:
www.startsida.no/egen

Målet er gul stripe

IS Fjordvegen startar no opp eit nytt prosjekt for å setje fokus på den indre hovudvegen på Vestlandet. Rute 13 skal løfte fram dei ulike samferdsleprosjekta i regionen.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

IS Fjordvegen er eit interesseselskap for vegen som går gjennom dei tre fylka, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I 2007 hadde selskapet 14 kommunar, eit regionråd, tre fylkeskommunar og tre verksemdar som medlemmer. Sentrale medlemmer i selskapet er Ryfylkevegen as, Hardangerbrua as, IL Vikafjellsvegen og Vossapakken.

- Målet er å setje fokus på store prosjekt som Ryfast, Hardangerbrua og Vikafjellsvegen. Fullverdig standard med gul stripe langs Rv 13 er ei klår målsetjing, seier Leiv Vambheim i IS Fjordvegen.

MÅ VERE TYDELEGE

Det vert no arbeidd med å få finansiering av prosjektet og ein prosjektleiari på plass. I prosjektplanen er prosjektet skissert over tre år med eit årleg budsjett



Eit nytt prosjekt skal styrke satsinga rundt Rv 13. (Arkivfoto)

på 1.500.000 kroner. Arne Kleppa i Ryfylkevegen as er drivkrafta i prosjektet.

- Me har tidlegare lyst etter prosjektleiari utan å finne den me leiter etter, seier Vambheim og legg vekt på at ein no har byrja å ta direkte kontakt med aktuelle kandidatar. Vambheim vedgår at det også vert viktig å spele inn mot sentrale styresmakter når det gjeld Nasjonal transportplan 2010 - 2019.

- Nasjonal transportplan er no ute til høyring. Det er naturleg at me spelar inn også her. Me håpar å skape eit prosjekt der me klarer å lyfte fram dei behova strekinga har, meiner han og viser til at det handlar om å synleggjere regionen, dokumentere kva samferdslebehov ein har og ikkje minst drive lobbyverksemd. Målet er å koordinere prosjektet slik at

ein når fram med eit ytterlegare press på styresmaktene.

- I dagens samferdslediskusjon er det dei som er tydelege og gjerne fremst på banen som vert høyrde.

VIL HA STAMVEGSTATUS

I prosjektplanen vert det lagt vekt på at desse regionane det er snakk om har gjennom oljealderen på Vestlandet tapt arbeidsplassar og folketal. Vidare peikar ein på at gode kommunikasjonar er avgjerande for å skape tilfredsstillande arbeids-, bu- og serviceregionar. For dei berørte kommunane langs Rv 13 meiner ein Fjordvegen si utvikling er avgjerande for den totale kommunale utviklinga. Prosjektplanen viser også til at tradisjonelt sett har ikkje Rv 13 nådd fram i kampen om dei store vegmidla, og at vegen dermed er blitt hovudfinansiert av bompengar, rassikringsmidlar og forskotteringar. Målet med rute 13 er å revitalisere IS Fjordvegen som ein nyttig organisasjon i debatten om vegmidlar for dei tre Vestlandsfylka, setje utviklinga av Rv 13 på kartet til fylkeskommunale og sentrale styresmakter slik at det vert løyvd midlar gjennom Nasjonal transportplan og ikkje minst at Rv 13 skal få stamvegstatus gjennom Ryfylke.

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle som er tilslutta LNK får sjølvsgatt medlemspris. Be om LNK-pris neste gong du tingar rom.



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!




Hotell Bondeheimen

Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com



Tradisjon – og fornying



HOTELL
HORDAHEIMEN



Hotell Hordaheimen gir alle medlemmer av LNK og deira tilsette eit hotellopphald i Bergen til ein pris som tåler samanlikning.

Sei du representerer ein LNK-kommune når du bestiller. Prisen (enkeltrom) er kr 650 på vekedagar og kr 540 i helga.

C. Sundtsgt. 18
5004 Bergen
Tlf.: 55 33 50 00
Faks: 55 23 49 50

E-post: info@hordaheimen.hl.no

www.hordaheimen.hl.no



Hallingdølen:

Held fast i nynorsken

Hallingdølen held fram som rein nynorskavis. – Nynorsk er identiteten vår, seier redaktør Bjarne Tormodsgard.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Trass i at bokmålet stadig får betre levevilkår i Hallingdal held avisa Hallingdølen fram med nynorsk som redaksjonelt språk.

- Eg har aldri motteke ein negativ telefon på at me er nynorskavis. Lesarane våre set pris på nynorsk i avisa – det er identiteten vår, seier redaktøren som viser til at bokmålet trass i dette stadig vinn nye område i regionen.

Likevel ser også Tormodsgard at ein kanskje mister nokre søkjarar når ein lyser etter journalistar til nynorskaviser.

- Erfaringa vår er at det går bra å gå frå nynorsk til bokmål som journalist. Når du må, så går det bra. Men eg trur nok me har mista nokre søkjarar, ja.

Hallingdølen er ei forholdsvis stor lokalavis med til saman 43 tilsette, 14 av desse arbeider i redaksjonen. Avisa har eit opplag på 10.200 og kjem ut tysdag, torsdag og laurdag. Lokalavisa har hausta fleire prisar, blant anna vart dei heidra med prisen Årets lokalavis frå Landslaget for Lokalaviser (LLA) i 2005.

OFFENTLEG SPRÅKDELING

Hallingdølen dekkjer dei seks kommunane i Hallingdal, Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol. Ferske tal frå Statistisk Sentralbyrå viser at det i dei seks kommunane til saman bur 25.499 personar. Dette er ein tydeleg vekst i folketalet sidan årsskiftet 2000 – 2001 då folketalet til saman var om lag 20.000. Først og fremst er det den markante utviklinga innan turistnæringa som har ført til veksten



Redaktør i Hallingdølen Bjarne Tormodsgard fryktar at nynorsken går ei uviss framtid i møte i regionen. Likevel held lokalavisa fast på nynorsk som redaksjonelt språk. (Foto: Sigmund Krøvel-Velle/Hallingdølen)

i folketalet. Også i kommunane er det tydeleg at bokmålet er på frammarsj.

- Kommunane Ål og Hemsedal har nynorsk som administrasjonsspråk. Elles er det to kommunar som bruker bokmål og to kommunar der administrasjonsspråket er delt. Dermed er det offentlege språket i Hallingdal delt på midten, seier lokalavisredaktør Bjarne Tormodsgard.

FÅ NYNORSKELEVAR

Tormodsgard meiner bokmålet aldri har vore så sterkt i dalen som det er no. Ikkje minst har han dei siste åra sett ei tydeleg endring på vidaregåande skule, i dag er det langt mellom nynorskelevane i Hallingdal.

- Eg ser ei negativ utvikling når det gjeld vidaregåande skule. Ungdom som har nynorsk bakgrunn vel bokmål når dei sluttar på ungdomsskulen. Nynorsken har aldri stått så svakt på vidaregåande som den gjere no, fryktar Tormodsgard som meiner forklaringa ligg i at borna i dag får inn bokmålet veldig tidleg og lettvent. Han viser også til at det ikkje hjelper nynorsken si sak at ein som elev stort sett berre får tak i lærebøker på bokmål.

- Det er lettvent å skifte til bokmål når lærebøkene er på bokmål. Ein får utlevert materiell på bokmål og tavleundervisninga også er på bokmål. Nynorsk kan dei jo likevel.

DIALEKT PÅ VEG UT

- Kva kan Hallingdølen gjere for å stoppe denne utviklinga?

- Vårt bidrag er å halde den redaksjonelle lina på nynorsk. Alle, både barn, ungdom og vaksne les nynorsk i Hallingdølen.

- Korleis er stoda for nynorsken i Hallingdalen om 20 år?

- Eg skulle ynskt eg kunne sagt at nynorsken var på frammarsj. Men eg trur ikkje det, eg trur nynorsken kjem til å slite. Me ser også at dialekten er på veg ut, dei siste ti åra har det vore ei dramatisk endring i dialektbruken. I dag brukar barn og unge mykje meir tid på passiv underhaldning som TV, video og internett. Her er jo ofte normalen bokmål. Det unormale er dialekt, slår Tormodsgard fast og legg vekt på at færre og færre ungdommar i dalen i dag brukar den opphavlege hallingdialekten.

Hallingdølen

Nynorsk lokalavis som dekkjer desse kommunane:

Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol.

Ansvarleg redaktør: Bjarne Tormodsgard.


Tilsette: 43.

Av desse er 14 tilsette i redaksjonen.

Kjem ut: tysdag, torsdag og laurdag.

Aktuell: Held fast på nynorsk som redaksjonelt språk i eit område der bokmålet stadig vinn fram.

Ål



Ål er den største kommunen i Hallingdal (Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol). Kommunen ligg i Buskerud fylke og har 4 642 innbyggjarar.

Ved sidan av tenesteyting og handel finst mange verksemdar innan bygg og anlegg, reiseliv og landbruk.

Lokalavis: Hallingdølen
Heimeside: aal.kommune.no

Ordfører: Torleif T. Dalseide (V)
Varaordfører: Ivar Breivik (Sp)
Rådmann: Trond Kleppen

Politisk fordeling:

Venstre.....	1
Arbeidarpartiet.....	4
Senterpartiet.....	5
Kristeleg folkeparti.....	2
Høgre.....	4
Framstegspartiet.....	2
Sosialistisk venstreparti.....	1

Dusjar i dialekt

I kyrkjene i Hallingdal har både talemål, tru og teknologi fått plass i spesialbygde hus for born og unge. Lyttedusjane er kyrkja sin kreative måte å vege opp for at dei som nasjonal institusjon truleg har vore med på å undergrave dialektane.

HEIDI MOLSTAD ANDRESEN

Det var nemleg det kyrkjeverje i Ål, Kjellfred Dekko, tenkte at kyrkja burde gjere noko med, etter at han hadde vore på eit mållagsmøte i Valdres og høyrte at Den Norske Kyrkja, med sin hang til dansk og riksmål, opp gjennom historia har vore med på å vatne ut dialektane rundt om i landet.

TRYKKTEKNOLOGI

Tanken vart snart ein del av Ål Kyrkje og Hallingdal Prosti sitt reformarbeid kring dåpsopplæringa, og i juni 2006 stod resultatet av den kreative prosessen klart: To små trehus på storleik med ei dokkestove, der rastlause gudsteneste – og gravferdungar kan høyre bibelforteljingar på kav halling. På veggen i kvar lyttedusj er det installert ein pc-skjerm, der ungane ved å trykke seg fram kan velje mellom seks ulike bibelforteljingar. Forteljingane er henta frå "Bibel for born", der sogene ligg tett opp mot originalhistoriene i Bibelen.

KJEM NÆRARE

- Ungane synest både det er stas å trykke seg fram på skjermen og å ha ein eigen gøymestad i kyrkja, og går gjerne fleire inn saman. Det krev sjølvsagt litt oppfølging frå dei vaksne, som må passe på at det ikkje blir for mange ungar i huset og at maset frå andre om å koma inn ikkje skapar for stor uro. Og sjølv om mange i den yngste generasjonen ikkje pratar halling til dagleg, får me som prestar tilbakemelding på at ungane opplever bibelforteljingane som nærare når dei blir fortalt på dialekt, seier Tonje Røgeberg (42), som er undervisningsprest og



Lyttar og lærer: Ungane synest både det er stas å trykke seg fram på skjermen, og går gjerne fleire inn saman for å lytte til dei spennande historiene. Innlesinga av tekstane vart gjort med regi av ein lokal teaterinstruktør. (Foto: Heidi Molstad Andresen)



Ny nærheit: - Sjølv om mange i den yngste generasjonen ikkje pratar halling, får me tilbakemelding på at ungane opplever bibelforteljingane som nærare når dei blir fortalt på dialekt, seier Tonje Røgeberg (42), som er teamleiar for lyttedusjprosjektet i Hallingdal Prosti. (Foto: Heidi Molstad Andresen)



Kortvaksen kø: Som oftast står lyttedusjane i våpenbuset, og nyskapinga er populær blant dei minste. Det litt oppfølging frå dei vaksne, som må passe på maset frå andre om å koma inn ikkje skapar for stor uro (Foto: Heidi Molstad Andresen)

teamleiar for dåpsopplæringsarbeidet i Hallingdal Prosti.

LOKALE STEMMER

Under utviklinga av lyttedusjane fekk kyrkja hjelp av Ål- og Torpo Mållag til å finne personar som var gode representantar for ålingsdialekta og aktuelle opplesarar. Margit Myhr, Bjørg Gudbrandsgard og Kjellfred Dekko tok utfordringa med å bearbeide forteljingane til halling, og det er deira stemmer som no tek ungane med inn i dei gamle sogene. Golingsjenta Miriam Toilsdatter Harbo har dekorert begge lyttedusjane, som går på omgang i dei seks hallingdalskommunane. Totalt har dusjane kosta kring 120.000 kroner. Delar av dette er sponsa av det lokale mållaget, som har ambisjonar om å nytte dei innelesne sogene i sitt eige dialektprosjekt "Levande språk".

Fornyingsarbeid

I Stortingsmelding nr. 7 2002/2003 løyvde Stortinget midlar til ei landsdekkjande reformering av dåps- og trusopplæring. Det meste av dette arbeidet vil skje i Den Norske Kyrkja. Hallingdal Prosti ved Ål kommune var av dei 164 kyrkjelydane som fekk midlar i 2004, og då for ei prosjektperiode på fem år.

Sidan 2004 har det årleg kome til nye prosjekt. Det er no om lag 500 kyrkjelydar rundt om i landet som driv med fornyingsarbeid. Prosjekta spenner frå eitt særskilt tema, til prosjekt med fokus på eit einskild årstrinn og Hallingdal Prosti sitt fullskalaprojekt for born og unge frå 0-18 år.

Lyttedusjen er ein liten del av prostiet sitt reformarbeid, som mellom anna inklud-

erer dåpsskule for seksåringar, 4-årsbok og kyrkjesamlingar for alle ungane i Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nes og Flå. I tillegg er det babysong, aktivitetsdagar i kyrkja, kyrkjeovernatting og bibelpizza-kveldar i somme av kyrkjelydane i prostiet.

Prosjektet har også gjeve ut ein cd med musikalske kveldsbøner, under tittelen "God natt, Hallingdal". Hallingdal Prosti kyrkje mottek årleg 1,7 millionar kroner til prosjektarbeidet.

Folkemusikk som forkynning

- Kan folkemusikk gjere gudstenestene meir inkluderande? Det skal Ål Kyrkje finne svaret på gjennom 36 nyskrivne folkemusikkmesser.

HEIDI MOLSTAD ANDRESEN

Kyrkjeklokkene ringer. Ein lur kviler lett mot ei søyle øvst i kyrkjerommet. Langt unna høyrst felestemming. Så går kyrkjedørene opp, og inn togar ein prosesjon med trekkspelar og komponist Jo Asgeir Lie, kvedar Gunnlaug Lien Myhr, lurblåsar Eilif Gundersen og hardingfelespelar Olav Luksengard Mjelva. Og heilt til sist Øystein Magelssen - prosten i Hallingdal.

- Dette er ingen konsert, me skal feire gudsteneste. Men det er ei velsigning når ei gudsteneste også er ein konsert, seier prosten andektig i det han tek plass framfor alteret og muskarane har sett seg.

MUSIKALSK MISJON

Staden er Gol Kirke ein snøtung januardag. Prosten har eit viktig publikum i dag, og ein tilleggsmisjon litt utanom det vanlege. På benkeradene sit 120 prestar frå heile Tunsberg bispedøme, og biskop Laila Riksaasen Dahl følger det heile frå sidelina. Prestane er på studiesamling på Golsfjellet, og Magelssen nytta straks høvet til å låne nabokyrkja for å introdusere og reklamere for Ål Kyrkje sitt nyskapande kyrkjemusikkprosjekt: Folkemusikkmesse.

Prosjektet starta opp våren 2006, og skal gå over tre år. Messa i Gol er den niande av i alt 36 planlagde messer i løpet av prosjektperioden. Spørsmålet prosten og dei andre i prosjektgruppa i Ål kyrkje freistar å finne ut av, er om folkemusikk eignar seg som ordinariemusikk og om den kan gjere gudstenestene meir inkluderande.

- Folkemusikken har eit genuint og meir studeige uttrykk enn til dømes gregoriansk musikk. Tanken er difor at folkemusikken kan vera mindre framandgerande, fortel Magelssen.

PRESTAR I POLS

Kyrkjegjestene stemmer i ein folketone frå Skjeberg. Så følgjer inngangsord og syndevedkjenninga, og eit nyskrivi Kyrie kveda av Gunnlaug Lien Myhr. Men det er ikkje før det liturgiske Gloria fyller rommet at det gyngar svakt i stive hofter, og nypussa skor nennsamt trippar takta i kyrkjerommet. "Gloria in exelcis deo, Gloria in exelcis deo", syng Lien Myhr, ikledd fengande polstakt frå både orgel, fele og trekkspel. Dei smiler no, tunsbergprestane. Det er sjeldan det er så mykje lyd i ein kyrkjelyd.

SYND BLIR SALME

- Då me søkte om prosjektmidlar frå Kulturrådet, ynskte me å ta tak i lokal musikk og skape noko som både var varig og hadde utviklingspotensiale. Tanken fall raskt på folkemusikk, og å



Leitar etter legitimitet: - Gjer folkemusikken det enklare å kommunisere ein levande og nærverande Gud, og hjelper den fleire å erkjenne eiga tru og kyrkjetilbørigheit? er spørsmålet folkemusikkprosjektet i Ål og prost Øystein Magelssen freistar å finne ut av. (Foto: Heidi Molstad Andresen)



Folkemusikkprosjektet nyttar berre lokale muskarar. Gunnlaug Lien Myhr (vokal), Olav Luksengard Mjelva (fele), Jo Asgeir Lie (trekkspel) og Eilif Gundersen (lur) har delteke på mange av dei folkemusikalske messene. (Foto: Heidi Molstad Andresen)

veve den inn i liturgi og gudsteneste, fortel prosjektleiari og kantor i Ål kyrkje, Audun Flaen.

- Det er ikkje lenge sidan kyrkja oppmoda til felebrenning, og slik sett var med på å uttrykke folkemusikktradisjonen fleire stader i landet?

- Det er rett, samstundes har folkemusikken også hatt ein lang tradisjon i kyrkja. Musikken har vandra og teke ulike former i ulike samanhengar. Martin Luther sette til dømes salmetekstar til drikkeviser. Det er også fleire kyrkjer

som har laga folkemusikkmesser tidlegare, så slik sett gjer me ingenting nytt. Det nye er at me har sett det i system, og mellom anna bytta ut tre av dei liturgiske ledda i høgmesse med nyskrivi folkemusikk, seier Flaen.

Ved sida av liturgimusikken som Jo Asgeir Lie har komponert, blir det nytta folkemusikk til både preludium, postludium, offermusikk og nattverd. Så langt har om lag 12 lokale muskarar vore med på dei ulike messene.

TREKKSPEL OG TÅRER

Reiseslått frå Nes. Folketonar frå Rogaland, Eksingedal, Åseral og Gudbrandsdalen. Mange i benkeradene har sunge desse salmane før. Men no utspeler det seg ein ufrivillig musikalsk dragkamp mellom muskarane og kyrkjelyden. Ein kamp om takt og om tone, til bukkehorn, langleik og seljefløyte. Og når Jo Asgeir Lie let fingrane leike over trekkspellet og avsluttar messa med sitt sjølvskrive postludium "Den nye dagen", blir det for mykje for somme. Då kjempar vaksne karar sin eigen kamp mot tårene.

KUNSTIGE SKILJE

- Responsen har verkeleg vore overveldande. Me har gjennomgåande berre fått positive tilbakemeldingar, også frå meir konservativt hald. Mange har vakse opp med denne musikken. Dei har berre aldri fått høyre den i kyrkja før, seier Flaen.

- Korleis har overgangen vore for deg som klassisk organist?

- Det har vore eit spennande arbeid frå fyrste stund. Det er moro å spele på lag med så mange gode muskarar, og nytte alle dei dyktige folka me har i kommunen. Folkemusikk og gudsteneste-prosjektet er med på å bryte ned kunstige musikalske skilje. Eg likar den nye Gloria spesielt godt, men må vedgå at eg strevar med å få polsen under trøya. Det var ikkje akkurat det eg lærte på musikkhøgskulen, humrar Audun Flaen.



ikkje alle vegar fører til Rom

Presset frå media er aukande, og det kan ofte vere vanskeleg å vite kva som er den beste strategien for å få kommunisert det riktige biletet av ein situasjon.



Norsk Plan as skreddersyr kurs i mediehandtering for det offentlege, med føredrag og/eller praktiske øvingar, over ein eller fleire dagar.

Næringsbedet i Vatlandsvåg • 4235 Hebnes • tlf 52 79 04 80





Forsking gir arbeidsplassar

Ål kommune ynskjer å tilby varierte arbeidsplassar. No vekkjer det desentraliserte prosjektet Hallingforsk nasjonal merksemd.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



Ordførar i Ål kommune, Torleif T. Dalseide (V) håpar varierte arbeidsplassar skal gi ny giv til reiselivskommunen.

Hallingforsk er eit distriktsbasert forskingssenter i skjeringspunktet mellom kommunehelseteneste og spesialhelseteneste. Senteret er lagt inn under Hallingdal sjukestugu i Ål, og prosjektet er eit samarbeid mellom hallingdalskommunane og Universitetet i Oslo.

- Dette er eit nytt bein å stå på for Hallingdal sjukestugu. Det skal sjølvstøtt vere eigne forskarar her, men like viktig er det at lokale allmennlegar får høve til å forske. Det vil også gjere det meir attraktivt å bli allmennlege i Hallingdal, trur ordførar i Ål kommune, Torleif T. Dalseide (V).

Hallingforsk har vore i drift sidan 1. oktober i fjor og fekk nyleg 1,2 millionar i støtte frå Regionrådet for Hallingdal fordelt på fire år. Til no har tre legar fått tildelt prosjektmidlar. Det desentraliserte prosjektet vekkjer alt oppsikt og har blitt lagt merke til innan fagmiljø som Legeforeningen, medisint-

danningane ved universiteta og i Sosial- og helsedirektoratet.

VARIERT ARBEIDSMARKNAD

- Arbeidsplassar med krav til høgare utdanning er viktig. Me ynskjer at yngre folk kjem heim att til Ål, gjerne litt tidlegare enn mange gjer i dag. Og då er førstekravet arbeidsplass til både han og henne, seier ordførar

Reiselivskommunen har dei siste åra også sett ei veksende interesse for næringsstomter i området, spesielt med tanke på ulike typar handverk. Mange av desse næringane er knytt opp mot hyttebygginga. I dag har Ål kommune 2.500 hytter, noko både handelsstanden, byggenæringa og hotellnæringa nyt godt av i følgje ordføraren.

- Reiseliv er ei viktig næring, men kulturen har også skapt mykje aktivitet

her i Ål, meiner Dalseide som no håpar ein skal kunne utvide arbeidsmarknaden i regionen ytterlegare.

LYS I ALLE GLAS

Vekst i lokalsamfunnet krev også at det bur folk i husa. Ål kommune har starta eit samarbeid med 11 andre kommunar i Øvre Buskerud for å få fast busetnad på nedlagde hus og gardsbruk. Regionrådet for Hallingdal driv prosjektet "Lys i alle glas", der ein håpar å registrere ledige

bustadar og ta kontakt med eigar for å få til eit eventuelt sal. Leiaren i Regionrådet for Hallingdal, Knut Arne Gurigard har tidlegare uttalt til Hallingdølen at målet er minst 40 fleire opplyste småbruk i dalen innan 2011.

- Spesielt i dei ytre grendene i kommunen er presset om å gjere bustadar om til hytter sterkt. Men me ynskjer oss fast busetnad, slår ordførar Dalseide fast og peikar på at han håpar eit variert næringsliv skal gi vekst i folketalet dei neste åra.

Kan det vera god
kommuneøkonomi
å bli heime?



Siren Vetnes Johannessen leiar HMS-prosjekta i Mandal Kommune.

Lyden av Hallingdal

Hallgrim Berg meiner Hallingdal no bør leite etter ein felles lyd som regionen kan marknadsføre seg med.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bakgrunnen er prosjektet "Kjenningsslyd for Vågan kommune" i Lofoten der ein kunstnar har fått støtte frå Norsk Kulturråd for nettopp å finne ein kunstnarleg utforma lyd, noko typisk som skal skape identitet og samhold.

- I Kulturrådet tok me dama på alvor og innvilga samrøystes ein sekssifra sum til prosjektet i Vågan. Etter som denne kommunen ligg i Lofoten, har kunstnarinna forklart at ho satsar på lyden av torsk. Korleis resultatet blir, får me ikkje greie på før ho er ferdig og alt er installert rundt i kommunen. Målet er at folk med ein gong skal vita kva kommune ein er i: Når ein ringer til offentlege kontor, kjem lyden. Når ein fyller bensin, kjem lyden. Når kassaapparatet på kjøpesenteret opnar seg, kjem lyden, skriv Berg i Hallingdølen.

Hallgrim Berg stiller vidare spørsmål om regionen har ein grunnlyd eller eit klangbilete som seier noko vesentleg om dalen, noko som kan virke samlande, attkjennande og som vil styrke omdømet og sjølvkjensla til hallingdølen.

- Eit par idear: Kva med lyden av folk som sit og et småmat? Eller duren av ein



Skal Hallingdal marknadsførast med lyden av ein skiheis? (Foto: Jan Nordtveit)

skiheis? Kva med ein blandingslyd av Rotneims-Knut og Kristi Vangji? Eller kva med god gamaldags huging?

- Tenk dykk: Kvar gong eit kassaapparat i Hallingdal opnar seg, skrell det i med innebygt huging! Dette kan kvalifisere til omtale både i VG og Dagsrevyen, meiner Berg og etterlyser idédugnad i dalen.

I 2003 hadde sjukefråveret i Mandal kommune blitt så høgt at kommunestyret avgjorde at noko måtte gjerast. Med støtte frå KLP sette kommunen i gong eit omfattande HMS-prosjekt. Knappt 2 år etter at Nærversprosjektet blei starta opp, var sjukefråveret redusert med mest 30 %. Den positive trenden har halde fram. I desse dagar vert Tillitsprosjektet lansert, eit fire-årig pilotprosjekt der KLP også er med.

SUMMEN AV MANGE SMÅ TING

Aktivt HMS-arbeid handlar om tiltak på mange plan. I Mandal får folk høve til jobbotasjon. Alle tilsette som er heilt sjukemelde i meir enn 3 veker blir inviterte til ei samtale med Bedriftshelsetenesta. Folk i "faresona" får også tilbod om trening i arbeidstida. Det er til og med akseptert at folk i gitte situasjonar kan ha godt av å bli heime i staden for å gå på jobben. Ein tur i skogen, til dømes, kan vera helsebringande.

INNSIKT OG KOMPETANSE

- Det er betre å vera vekke frå jobben ein dag eller to enn å havna på langtidsjukemelding. Poenget er at kvar ein skild tek ansvar for si eiga helse, seier Siren Vetnes Johannessen, leiar av prosjekta. Og legg til: - KLP har vore ein viktig støttespelar. Deira innsikt og kompetanse på HMS-området har vore ein av suksessfaktorane i Nærversprosjektet i Mandal.

I KLP trur me det er dei som "kjenner kvar skoen trykkjer" som veit best kva som kan hjelpa. Difor støttar vi kundedrivne HMS-tiltak og har bidratt i mange vellukka prosjekt innan førebygging, tilrettelegging og livsfasetilpassing. Berre i 2006 var vi involverte i 120 ulike HMS-tiltak. Les meir på www.klp.no. Me deler gjerne våre erfaringar og vår kompetanse med enda fleire.

KLP

for dagane som kjem

Kvitebjørnen

- undring og læring



Hausten 2008 blir eit femårig pedagogisk prosjekt sett i gong...

- vil dine elevar vera med?

Me ynskjer pilotskular med elevar frå 6.-10. trinn

Arbeidsmåtar:

forteljing, drama, utstilling, innovasjon, filosofi, film og lesing

Kompetansemål:

KRL, norsk, samfunnsfag, matematikk, naturfag, kunst og handverk

Skaparkraft med lokal kultur og identitet som grunnlag

Lyst å vite meir?

Kontakt

Kvitebjørnen

v/prosjektleder

Astrid Eidhammer Hjelmeland

52 79 04 84 / 97 19 47 88

epost: astrid@norsk-plan.no

les meir om prosjektet på: www.nashornet.no



Samarbeidspartnarar:

Sparebank 1SR-Bank

ABC Startside

Haugesund Avis

Norsk Plan AS

Suldal kommune

Asker kommune

Rogaland fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet

Ryfylkefondet

Kultur- og kyrkjedepartementet

**STIFTINGA
RASMUS LØLAND – MARKERINGA**
2007 – 2011

**UNDRANDE
OG SKAPANDE**

Pirionkurs med rekord

600 tilsette frå barnehagar i Rogaland deltok tidlegare i år på det største Pirionkurset som er arrangert.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
 judith@norsk-plan.no

Det var Hillevåg bydelsbarnehagar saman med Pirion-stiftinga som sto som arrangør av kurset i Stavanger. Mange meinte det var på sin plass med eit kulturseminar i kulturbyåret 2008. Kurset sette fokus på forteljarkunst og folkemusikk.

INSPIRERTE FRÅ SCENEN

Forteljar og lektor i forteljekunst, Heidi Dahlsveen og folkemusikar Unni Løvlid inspirerte kursdeltakarane i kvar si økt med forteljarkunst og folkemusikk.

Dahlsveen sette seminardeltakarane i sving med praktiske øvingar som dei kunne ta med seg heim til barnehagen. Her var det forteljingar både med og utan rørsler.

- Dette var knallkjekt. Ikkje minst er det vanskeleg å finne forteljingar for mindre born i alderen tre til sju år, meinte Anne Brit Handegard og Sigrun Foldøy Byberg frå Jønningheia barnehage i Sandnes. Også folkemusikken til Unni Løvlid falt i smak hjå dei to damene frå Sandnes.

SONGAR I FLEIRE VERSJONAR

- Me syng heile dagen i barnehagen, smiler dei og viser til at songen er ein naturleg del av kvardagen, om dei kler på borna eller samlast til måltid.

Folkemusikar Unni Løvlid har tidlegare arbeidd med songformidling i fleire ulike barnehagar og ynskjer å setje fokus på songarven borna får med seg



Sigrun Foldøy Byberg (t.v.) og Anne Brit Handegard frå Jønningheia barnehage i Sandnes meiner det er viktig å fokusere på den lokale kulturarven. (Foto: Tøyni Tobekke)



Folkemusikar Unni Løvlid er oppteken av at generasjonane har ulike versjonar av same songen – og at dei kan lære av kvarandre. (Foto: Astrid Eidb. Hjelme-land)

frå dei er små. Spesielt interessert er ho i å sjå skilnaden mellom dei ulike versjonane generasjonane ofte har av den same songen eller den same teksten. På kurset i Stavanger lærte ho også dei oppmøtte deltakarane folkesongar frå Rogaland. Løvlid la også vekt på korleis mange av desse songane kan brukast aktivt og byggest ut av og med borna.

Formålet med Pirionkurset er å stimulere barnehagar til å drive kulturformidling basert på lokal kultur, og å vere ei motvekt til den kommersielle kulturen.

FORTELJARKUNST I NY TID

Maritha Nielsen frå forteljarsenteret i Sandnes underheldt med ei spanande historie basert på Kvitebjørnen av Rasmus Løland. Ho tok historia med seg inn



DIN VEG

Ingen har varda den vegen du skal gå ut i det ukjende, ut i det blå.

Dette er din veg. Berre du skal gå han. Og det er uråd å snu.

Og ikkje vardar du vegen, du hell. Og vinden stryk ut ditt far i aude fjell.

Av Olav H. Hauge, som ville ha fylt 100 år i 2008.

i notida ved å gi gutane i Løland-historia aktuelle problemstillingar med global oppvarming.

Tunkatten med digital songbok

Tunkatten Lurivar frå Ivar Aasen-tunet vil gjerne dele den nynorske songkatten med borna. No vert det songbok på nett.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
 judith@norsk-plan.no

Om lag 60 nynorske barnesongar vert presenterte i den digitale songboka. Av desse er om lag 10 heilt nye tekstar som vann fram i tunkatten sin songkonkurranse i sommar. Målet med arbeidet er å vise fram den nynorske songtradisjonen, og at også mindre born skal kunne finne fram til tekstane, ved hjelp av lydvegisarar og enkle illustrasjonar.

- Vi vil gjerne gje borna større tryggleik på språket sitt, og det kan songane vere med på gi dei, seier formidlingsleiar Anne Marta V. Vadstein ved Aasen-tunet og viser til at born som går i barnehage i nynorske område, ofte kjenner betre til bokmålsongane enn dei som har meir lokal forankring.



Tunkatten reiser også rundt på skular med framsyninga "Katta i sekken" saman med forfattar Hilde Myklebust. (Foto: Anne Marta Vadstein)

Tunkatten Lurivar har eigen nettstad der han skriv om språk, samlar på dialektord og arrangerer konkurransar for born mellom seks og 12 år. Men tunkatten er også ein fysisk figur som mellom anna reiser rundt på skuleturneen "Katta i sekken" saman med forfattar Hilde Myklebust.

- Han er ein litt lur og mystisk katt som seier han har lese tusenvis av bøker. Akkurat der trur eg han smør litt på, smiler Vadstein.

No vil tunkatten ta tak i dei nynorske barnesongane og vise dei fram på ein enkel og brukarvenleg måte. Målgruppa er born frå og med fire år.

- Det er mange som til dømes ikkje veit at Santa Lucia finst på nynorsk. Det er viktig at borna møter dei nynorske tekstane tidleg, seier Anne Marta V. Vadstein.

sjå www.tunkatten.no



Tunkatten Lurivar vil gi borna kjennskap til dei nynorske barnesongane. (Illustrasjon: Monica Egeli)